

Her finn du litt om:

Link til vigselsliturgien 2017
Musikkval & andre kulturelle innslag
Pynting i kyrkja
Plassering av brurepar og forlovarar
Når sit og står brurepar og forlovarar?

Sjå eventuelt heile vigselsliturgien i nynorsk utgåve på linken

https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/bryllup/vigsel_2017_nynorsk.pdf

MUSIKKVAL & ANDRE KULTURELLE INNSLAG

Frå Almenne føresegner:

5. Salmar og songar må føreåt godkjennast av forrettande prest, og det musikalske stoffet av kantor/organist.

Tillegg: Musikken under seremonien er «live» og ikkje avspelt. Ta kontakt med kantor om de ønskjer tips om andre musikkarar eller vokalistar i tillegg til kantor, og ikkje har nokon de kan utfordre i brurefølgjet eller i venekrinsen elles.

Brureparet gjer sjølv avtalar med musikkarar/ vokalistar dersom dei ønskjer musikk utover inngong/ utgong og salmar, eller dersom dei ønskjer solistar saman med kantor.

Utdrag frå vigselsliturgien 2017, med nokre tillegg:

1.Preludium/ Inngang

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk til preludium/inngang.

Deretter kan det framførast høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

3.Salme

etter 4.(Tekstlesingane) kan følgja

5. Salme

Salmen kan erstattast av høveleg vokal- eller instrumentalmusikk.

Etter ekteskapsinngåing og forbøn kan følgja

10.Musikk/ symbolhandlingar

Deltakarar i bryllaupsfølgjet og andre kan medverka med musikk, høgtlesing eller andre kulturelle innslag (NB! Deltakarar i bryllaupet kan også vere tekstlesarar under punkt 4)

11.Salme

12.Velsigning

13.Utgang

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk.

PYNTING I KYRKJA

vert administrert og kosta av brureparet.

Nokon har berre blomar i dei to sølvvasane på altaret.

Andre pyntar meir, gjerne både framme i koret og nede i kyrkjeskipet.

Avtal med kyrkjetenar om tidspunkt for eventuell pynting av kyrkja.

PLASSERING AV BRUREPAR OG FORLOVARAR FRAMME I KYRKJA:

Frå gamalt var venstre side i kyrkja kvinnesida, og høgre sida i kyrkja var herresida. Venstre og høgre her er definert utfrå di venstre og høgre side når du står bak i kyrkja og ser fram mot kyrkjekoret.

- 1) Om ein vil nytte ordninga ein brukte i Jondal kyrkje fram til ca tusenårsskiftet:

Brurestolane vert plassert rett foran altarringen, med ryggstøet mot kyrkjelyden og front mot alterringen.

Brura sit då på brurestolen til venstre, brudgomen sit på brurestolen til høgre.

Forlovar(ane) til brura sit på stol(ar) på bruras venstre side, forlovar(ane) til brudgomen sit på stol(ar) på brudgommens høgre side

- 2) Om ein vil nytte ordninga som har vore mest brukt i Jondal ca. sidan tusenårsskiftet:

Dei to brurestolane vert plasserte på venstre side i kordøra, to av fløyelsstolane vert plasserte på høgre side av kordøra. Dersom der er fleire enn to forlovarar, supplerer ein med x antal stolar, mellom dei to første stolane på begge sider og alterringen.

Brura sit på brurestolen nærmest kyrkjelyden. Og bruras (næraste) forlovar sit på den andre brurestolen fram til ektesapsinngåinga. Etter ektesapsinngåinga, byttar bruras (næraste) forlovar plass med brudgomen, slik at det nye ekteparet sit saman på kvar sin brurestol på venstre side.

Før ektesapsinngåinga sit brudgomen på fløyelsstolen nærmest kyrkjelyden på høgre side.

Hovudregel for forlovarane:

FORLOVARANE STÅR NÅR BRURA GÅR/STÅR OG SIT NÅR BRURA SIT.

Forlovarar (og brudgom, dersom han ventar framme og ikkje går inn saman med brura,) står under inngongsprosesjonen, og set seg når brura set seg.

Når presten ber brureparet om å kome fram til Herrens altar, reiser forlovarane seg. Bruras forlovar(ar) går og stiller seg opp foran altarringen på venstre side.

Brudgomens forlovar(ar) går og stiller seg opp foran alterringen på høgre side.

(På denne måten trer forlovarane til sides, slik at brureparet får vere fremst og i fokus. Og i tillegg ser og hører forlovarane slik på beste måte det dei er bedne om å vere vitne til, sjølv ektesapsinngåinga.)

Midt foran alterringen må det vere god plass til brureparet som skal stå og sidan knele der.

Forlovarane står og er vitne under heile ektesapsinngåinga, dei står under eventuell overrekking av ringar og dei står under forbønshandlinga.

Etter ektesapsinngåinga og forbønshandlinga, set brur og brudgom seg på brurestolane som står nærmest kyrkjelyden på venstre side, brura sit framleis ytterst mot kyrkjelyden. Og forlovarane set seg på sine stolar, medan bruras (næraste) forlovar overtek brudgomens stol nærmest kyrkjelyden på høgre side.

UTDRAG FRÅ VIGSELSLITURGIEN 2017, med nokre tillegg om når ein står og sit:**1 Preludium/Inngang**

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk til preludium/inngang.

Dei som skal bli vigde, kan gå saman fram til koret og setja seg på plassane sine. Dersom det er ønskjeleg, kan paret, ein eller både, forlovarar, representant(ar) for familiane, liturg og andre gå inn i kyrkja i prosesjon.

(Alle i kyrkja, inklusiv forlovarane, står under inngongsprosesjonen, og set seg når brura set seg)

7 Ekteskapsinngåing

L Kom no fram til Herrens altar,
så vi kan høyra løfta dykker til kvarandre og be om Guds velsigning over dykk
og over heimen dykker.

(Forlovarane går fram til altarringen på venstre og høgre side, og gjev plass til brureparet som skal stå midt foran alterringen)

Paret (P) går fram til alterringen. Liturgen vender seg til den som står til venstre, som svarar først...

Etter ekteskapsinngåinga, kan følgja

8 Overrekking av ringar *(Forlovarane står på same stad som under ekteskapsinngåinga)*

9 Forbøn

L Lat oss alle be.

Ekteparet kneler på alterringen. *(Forlovarane står på same stad som under ekteskapsinngåinga)*

.....

Forbønsdelen avsluttar med Herrens bøn, Fadervår.

Etter Fadervår, set brureparet og forlovarane seg.

12 Velsigning

Brureparet og kyrkjelyden står

13 Postludium/Utgang Alle står

Orgelmusikk eller annan høveleg musikk. Ekteparet går saman ut av kyrkja. Kyrkjelyden følgjer på framanfrå, etter brureparet, ut av kyrkja.